

Fylkesvalprogram 2023-27

Møre og Romsdal SV

Eit grønt og rettferdig Møre og Romsdal

Innholdsliste

Innleiing: eit grønt og rettferdig Møre og Romsdal	3
Våre hovudsaker	4
Klima og natur	5
Klima, energi og sirkulær økonomi	5
Natur og miljøvern	6
Samferdsel	7
Fylkesvegane	8
Kollektivtransport og ferje	8
Sykkel og mjuke trafikantar	9
Regional utvikling	10
Distrikt og lokalsamfunn, by- og tettstadsutvikling	10
Demokrati og medverknad	11
Næring og verdiskaping	11
Næringsliv og industri	12
Reiseliv	13
Landbruk og skogbruk	13
Fiske og havbruk	14
Kultur	15
Kulturliv, kulturnæring og frivilligheit	15
Museum og kulturarv	16
Skule og utdanning	17
Vidaregåande opplæring	17
Fagskulane og høgare utdanning	18
Tannhelse og folkehelse	19
Tannhelse	19
Folkehelse	19
Spesialisthelsetenesta	20
Arbeidsliv og inkludering	21
Fylkeskommunen som arbeidsgjevar	21
Mangfald, likestilling og inkludering	22

Innleiing: eit grønt og rettferdig Møre og Romsdal

Klima- og naturkrise er den største utfordringa i vår tid, og trugar sjølve livsgrunnlaget vårt. Tap av natur og biologisk mangfald rokkar ved økosystema og forsterkar klimaendringane. Samstundes lever vi i ei tid prega av aukande forskjellar, dyrtid og aukande fattigdom. Vi i SV er tydelege på at desse to krisene ikkje kan sjåast kvar for seg, men må løysast saman.

Det hastar å ta fylket vårt vidare gjennom den grønne omstillinga, der vi løyser miljøproblema, bremsar klimaendringane og stoggar tap av natur før det er for seint. Omstillinga må skje på ein rettferdig måte, slik at ikkje dei med minst frå før må ta den største kostnaden. Rettferdig fordeling må gå hand i hand med det grønne skiftet. **Vi treng eit rettferdig, grønt skifte.**

Verda er prega av krig og kriser. Mange opplever ein meir utrygg kvardag. Det er dyrtid og fleire slit med å få endane til å møtest. Då trengst sterke fellesskapsløysingar endå meir enn før. Det betyr noko at kollektivtilbodet er rimeleg og tilgjengeleg, at den vidaregåande skulen ikkje er for langt unna, og at den offentlege tannhelsa blir utvida til nye grupper. Det betyr noko å kunne delta i kultur- og samfunnsliv, og vere del av eit trygt og seriøst arbeidsliv. Vi går til val på eit sterkt offentleg velferdstilbod som gir fridom til den enkelte.

Tida vi står i, krev også at vi opprettheld eit variert næringsliv med rom for nyskaping. Vi i SV vil bidra til eit sterkt, lokalt forankra næringsliv der tydelege miljøkrav gir konkurransefortrinn, teknologiutvikling og utsleppskutt. Vi ønskjer politisk styring over krafta, og har som prinsipp at våre felles naturressursar må kome fellesskapet til gode.

Vi i SV ønskjer eit likestilt, raust og inkluderande Møre og Romsdal, der bakgrunn eller økonomi ikkje avgjer kva moglegheiter du har. SV ønskjer ein desentralisert samfunnsstruktur der folk kan leve og bu der dei ønskjer, og ha tilgang på gode, offentlege tenester i heile fylket. SV ønskjer eit rettferdig og solidarisk samfunn som også har blick ut over våre eigne fylkes- og landegrenser.

Bli med oss å byggje eit grønt og rettferdig Møre og Romsdal!

Våre hovudsaker

Fordeling og miljø legg grunnlaget for heile vår politikk, både lokalt, på fylkesnivå og nasjonalt. I denne fylkesvalperioden vil vi særleg vektleggje følgjande hovudsaker:

GRØN SAMFERDSEL

SV seier nei til Møreaksen og Hafast – ja til trygge bruksveggar, betre og rimelegare buss, båt og ferjesamband. Store motorvegutbyggingar vil binde opp vegmidlane og gå ut over kvardagsveggar, klima og natur.

TANNHELSEREFORM

Tennene er ein del av kroppen. Vi vil gradvis auke kapasiteten på distriktstannklinikkane og gi rimelegare tilbod til fleire grupper. Målet er at det ikkje skal koste meir å gå til tannlegen enn til legen.

UTDANNING OG ARBEID TIL ALLE

SV vil halde oppe ein desentralisert vidaregåande skulestruktur, tilby fleksible løp som vekslar mellom teori og praksis, og gi betre oppfølging av elevar på hybel. Vi vil intensivere innsatsen for eit anstendig og seriøst arbeidsliv.

NATUR, MILJØ OG NÆRING

SV vil verne om Mørebankane, utarbeide ein handlingsplan for sjøfugl, og sikre natur og dyrkajord mot nedbygging. SV vil krevje sirkulære innkjøp og vere pådrivar for at næringslivet i fylket kan gjere det grønne skiftet til eit konkurransefortrinn i teknologiutvikling og utsleppskutt.

Saman byggjer vi eit samfunn for dei mange – ikkje for dei få.

Klima og natur

Å løyse klimakrisa og stanse nedbygging av natur er avgjerande for livsgrunnlaget på jorda. Rapportane frå Klimapanelet og Naturpanelet må liggje til grunn for løysingane våre. Vi må ta fylket gjennom eit rettferdig, grønt skifte og stoppe nedbygging av naturen.

For oss i SV går klima- og naturspørsmåla hand i hand. Klimatiltak og omstilling til fornybar energi skal ikkje gå utover natur og miljø. Nøkkelen til store klimakutt er å redusere og effektivisere energiforbruket, erstatte fossil energi med fornybar energi i alle delar av samfunnet, få bukt med overforbruket og binde meir karbon i naturen. Vi treng ein sirkulær økonomi.

Arealendringar er den største trugselen mot tap av naturmangfald, også i Møre og Romsdal. Verneverdig natur både til land og til havs er under press. Dei sårbare havområda utanfor mørekysten treng varig vern, og forvaltning av naturressursane må skje innanfor naturen sine tolegrensar.

Klima, energi og sirkulær økonomi

Møre og Romsdal fylkeskommune har allereie sett seg høge mål om å vere berekraftfylke nummer ein, og skal vere klimanøytralt innan 2030. Fylket skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn, sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk og god avfallshandtering. Dette må følgjast opp med konkret handling.

Fylkeskommunen må bidra til at det grønne skiftet skyt fart i vårt fylke. Vi vil stille strenge krav til nullutslepp, energisparing, berekraft og gjenvinning, anten det gjeld kontraktar og anbod, transport, ferjer og kollektivtilbod, vegar og infrastruktur, bygningsmasse eller drift og vedlikehald. Vi må redusere klimafotavtrykket og det materielle ressursforbruket ved å satse på sirkulære løysingar. Fylkeskommunen må gå føre og ta med seg både innbyggjarar, kommunar og næringsliv på omstillinga. Vi må også ruste oss for dei klimaendringane som allereie er her, og tilpasse oss eit villare vår.

SV vil:

- Følgje opp målet om klimanøytralitet innan 2030 med konkrete handlingsplanar
- Vidareføre tilbodet om gratis energirådgjeving til alle husstandar i fylket
- Følgje opp Fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023-2026 slik at tiltaka vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan
- Investere i solceller på fylkeskommunale bygg, auke graden av energisparing og fornybar energiproduksjon
- Intensivere satsinga på Enøk og energisparetiltak på alle område
- Prioritere godt vedlikehald og sørge for berekraftig renovering og gjenbruk av fylkeskommunale bygg. Vi vil gjennomføre berekraftsanalyser og stille strengare klimakrav enn dei nasjonale minimumskrava
- Krevje sirkulære innkjøp, for betre ressursutnytting og mindre sløsing med ressursar. Grad av berekraftige materialar, ombruk, reparasjon og resirkulering må kraftig opp

- Forsterke krava til klima, miljø og energieffektivitet i alle fylkeskommunale innkjøp og anbuds konkurransar
- Omstille til ein fossilfri køyretøy- og maskinpark i fylkeskommunen, og til utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar
- Intensivere overgangen til nullutslepp i kollektiv- og ferjetrafikken gjennom å stille strenge miljøkrav for ruter med buss, ferje og hurtigbåt
- Leggje til rette for ladeinfrastruktur ved fylkeskommunale arbeidsplassar
- Arbeide for at all fornybar energi som legg beslag på felles naturressursar skal leggjast under demokratisk eigarskap
- Modernisere gamle vasskraftverk framfor nye vasskraftutbyggingar, og avslå utbyggingar i verna vassdrag
- Støtte utvikling og utbygging av flytande havvind berre på vilkår av at det ikkje kjem i konflikt med natur- og fugleliv, artsmangfald og fiske
- Aktivt søkje midlar som «Klimasats» for å kutte klimagassutslepp, saman med kommunar og næringsliv
- Stimulere kommunar og verksemdar til miljøsertifisering og til å delta i nettverksarbeidet "Klimapartnere" for grøn omstilling i næringslivet
- At alle fylkeskommunale reiser skjer kollektivt eller med 0-utsleppskøyretøy, og at møtetidspunkt vert tilpassa kollektivreisande
- Auke løyvingane til flaum- og skredsikring og ta initiativ til planar for korleis vi kan førebu oss på meir ekstremvêr
- Unngå arealendringar som reduserer naturen si eiga førebyggjande evne, og kartlegge og bevare intakt natur som tek opp mykje karbon, som myrområde
- Heve standarden ved nye bygg og infrastruktur for å tole auka påkjenning som følgje av klimaendringar og ekstremvêr

Natur og miljøvern

Å bevare naturmangfaldet og naturen si evne til å ta opp klimagassar er avgjerande for å kunne handtere klimaendringane. FNs naturpanel har sett som mål at 30 prosent av verdas natur må vernast. Vi må sikre naturmangfaldet gjennom meir vern, stoppe øydelegging av naturen og restaurere øydelagt natur.

Mørebankane er vår regnskog, og korallreva langs kysten må vernast mot oljeboring. Vi treng meir kunnskap om fiskeressursane og det sårbare livet i havet før vi kan vurdere å opne for nye, havbaserte næringer.

Vi treng ein tydeleg arealpolitikk som set naturen sine tolegrensar over kortsiktig profitt. SV seier nei til vindkraft i urørt natur, og vil bremse vidare hytteutbygging, motorvegutbygging og anna inngripande og arealkrevjande verksemd i urørt natur. Vi vil sørgje for å kartlegge naturmangfaldet betre, og oppdatert kunnskap må liggje til grunn for arealbruken.

Kulturlandskap, dyrka og dyrkbar jord treng også eit sterkare vern for å produsere god, trygg og kortreist mat, forankra i landskap og naturressursar.

SV vil:

- Verne Mørebankane og oljeblokkane nær Smøla for oljeutvinning
- Ha ei føre var-haldning, og stille strenge krav til kartlegging og utgreiing, når det kjem til å tillate nye næringer til havs, som flytande havvind og mineralutvinning. Økosystem og fornybare fiskeressursar må ha forrang

- Sikre betre kartlegging av natur og biologisk mangfald
- Stoppe nedbygging av natur og dyrka jord
- Halde på prinsippet om arealnøytralitet for å stanse naturtapet. Heller enn å byggje ned stadig meir urørt natur, må vi nytte betre det arealet som allereie er omdisponert
- Få på plass ein nasjonal handlingsplan for sjøfugl
- Iverksette tiltak for å bevare raudlista artar, og skjerpe tiltaka for å hindre spreining av svartelista artar i vårt fylke
- Sikre at verna vassdrag forblir verna
- Seie nei til vidare utbygging av storskala vindkraft på land i Møre og Romsdal
- Støtte initiativ for fleire nasjonalparkar og landskapsvernområde i fylket, og støtte vern av viktige samanhengande naturområde frå fjøre til fjell
- Arbeide for strengare retningslinjer for hyttebygging nær nasjonalparkar, verneområde og viktige naturområde slik at omsyn til urørt natur og villrein veg tyngre enn i dag
- Seie nei til nasjonalt giftdeponi på Rausand i Molde kommune. Risiko for utslepp av miljøgifter til naturen er for høg
- Jobbe aktivt mot utbygging av Bolgneset og sørge for å bevare naturen og artsmangfaldet i dette området på Frei i Kristiansund
- Seie nei til planane om gondol på Sulafjellet, som vil byggje ned urørt natur
- Styrkje dei viktige kunnskaps- og forskingsinstitusjonane vi har i fylket innanfor miljø og landbruk, som Runde Miljøsenter, Norsøk og NIBIO Tingvoll
- Vidareutvikle Runde miljøsenter til eit senter for kystøkologi med fast basisløyving på statsbudsjettet
- Halde fram den fylkeskommunale støtta til Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal, ein viktig aktør i kampen mot marin forsøpling
- Fase ut unødvendig eingongsplast
- Foreslå at fylkeskommunen ikkje prioriterer spelemidlar til banar og nærmiljøanlegg med laust plasthaldig granulat.
- Vurdere ei eiga støtteordning for organiserte ryddetiltak av naturområde, elvebreidder, strender, vatn, fjordar og hav for frivillige aktørar og kommunar

Samferdsel

Fylkeskommunen har ansvar for ein stor del av vegnettet og kollektivtrafikken i fylket. Møre og Romsdal har eit stort etterslep på vedlikehaldet av vegnettet, noko som er til hinder for god og trygg transport for innbyggjarar og næringsliv, og hemmar arbeidet for å nå klimamåla våre.

Fylket vårt har mange rasfarlege strekningar, og klimaendringane vil forsterke dette. Vi vil prioritere trygge bruksveggar med gul stripe, og ta igjen det store etterslepet på vedlikehaldet av vegnettet. Både av miljøomsyn, og av transportøkonomiske omsyn, seier vi nei til nye, store motorvegprosjekt som Møreaksen og ferjefri E39.

Skal fleire reise miljøvenleg, trengst gode forbindelsar på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Vi må halde fram satsinga på nullutsleppskøyrety og forbetre kollektivtilbodet.

Vi må leggje betre til rette for mjuke trafikantar, og byggje fleire gang- og sykkelveggar på ein måte som tek omsyn til natur og dyrkamark.

Fylkesvegane

SV er imot Møreaksen og ferjefri E39. Med avgrensa ressursar til samferdsel, er vi tydelege på at vi må prioritere trygge bruksveggar, godt kollektivtilbod og rimelege, hyppige ferjer, framfor å investere tungt i nye motorvegprosjekt. Møreaksen vil binde opp vegmidlane, føre til store naturinngrep og auke klimagassutsleppa. Vi vil heller bruke ressursane på å styrkje kollektivtilbodet, ferjetilbodet og betre kvardagsvegane for folk.

SV vil:

- Prioritere trygge bruksveggar med gul midtstripe og rimelege, hyppige ferjeavgangar over nye, store motorvegprosjekt
- Skrinleggje Møreaksen og Hafast, og seie nei til ferjefri E39
- Redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane. Vi vil prioritere vedlikehald og utbetring av dei vegane som treng det mest ut i frå vegstandard og trafikkmengd
- Få fortgang i skredsikring av dei mest rasutsette områda i fylket, som til dømes Eikesdalen, Norddalsstranda, Tafjord, Trollstigen, Urke-Øye og Geiranger
- Tilpasse infrastruktur og sikringstiltak langs fylkesvegane til å kunne tole effekten av klimaendringane med meir ekstremvêr
- Leggje til rette for god ladeinfrastruktur langs vegnettet
- Gå inn for å støtte Todalsfjordprosjektet, eit viktig saman bindingsprosjekt på indre Nordmøre, og Langfjordforbindelsen Åfarnes-Sølsnes i Romsdal

Kollektivtransport og ferje

SV vil gjere det lettare å reise kollektivt. Personbiltrafikken må ned, medan kollektivtilbodet med buss og hurtigbåt må styrkjast. Vi vil tilby rimelege prisar og rutetider tilpassa lokale forhold.

Møre og Romsdal er eit ferjefylke. Ferjene er å rekne som ein del av vegnettet, og eit rimeleg og hyppig ferjetilbod er avgjerande for både busetnaden og verdiskapinga i fylket.

SV vil:

- Styrkje kollektivtilbodet med hyppigare avgangar og rimelegare pris på buss og ferje
- Prioritere rimelege kollektivbilletter til barn og ungdom, lærlingar og studentar, samt honnør og pensjonistar
- Inkludere personar som tek norskopplæring i studentrabatten på kollektivreiser
- Arbeide for eit nasjonalt ungdomskort med låg pris som skal gjelde kollektivtransport på buss, ferje, tog og hurtigbåt i heile landet
- Utvide fleksible kollektivløysingar som Fram Flexx og Fram Svipp for å betre kollektivtilbodet i distrikta, og marknadsføre tilboda godt
- Vurdere periodar med gratistilbod på kollektivreiser for å auke bruken, slik vi tidlegare har gjennomført i Ålesund
- Behalde gratistilbodet på Sundbåten i Kristiansund

- Leggje til rette for innfartsparkering kring kollektivknutepunkt i samarbeid med byar og tettstadar
- Arbeide for bypakkar der det vil bidra til ein meir miljøvennleg transport der fleire kan velje å gå, sykle eller reise kollektivt
- At stoppestadar skal ha gode busslommer, busstur og fotgjengarovergangar, og knutepunkt ha venterom som gjer reisa tryggare og meir bekvem
- Sørge for føreseielege ruteplanar for kollektiv- og ferjeruter, og vidareutvikle rutetilbodet i nær dialog med lokalsamfunn og innbyggjarar
- Utreie moglegheiter for å utvide hurtigbåttilbodet i fylket, så vel som utover fylkesgrensene
- Intensivere overgangen til nullutslepp i kollektiv- og ferjetrafikken gjennom å stille strenge miljøkrav for ruter med buss, ferje og hurtigbåt
- Stille krav om universelt utforma tilkomst på all kollektivtrafikk, haldeplassar og venterom, og lage tiltaksplanar for å rette opp manglar som eksisterer i dag
- Oppretthalde eit hyppig kollektivtilbod mellom tidlegare lokale kommunesenter i samanslåtte kommunar
- Gjere kollektivtransporten meir tilgjengeleg for turistar gjennom satsing på såkalla «travel like the locals»
- Sikre god korrespondanse i kollektivtrafikken i heile fylket, og også over fylkesgrensene. Korrespondansen mellom buss og tog må betrast
- Vere pådrivar for nullutslepp på Raumabanen, og støtte Jernbaneforum Dovre og Raumabanen vidare
- Støtte Lyntogforum og jobbe for framtidig lyntogsamband til fylket
- Bidra til satsing og strategi for bruk av elfly på kortbanenettet, for eit miljø- og distriktsvenleg flytilbod

Sykkel og mjuke trafikantar

Det skal vere trygt og lett vint å velje sykkel eller gonge. Det må etablerast gang- og sykkelveg der fylkesveg er skuleveg, slik at flest mogleg born og unge kan gå eller sykle til skule og fritidsaktivitetar. Skilting og framkome på gang og sykkelveggar må vere god for alle mjuke trafikantar. SV vil utgreie å ta av eksisterande vegareal til sykkelfelt der det er tenleg.

SV vil:

- Prioritere gang- og sykkelveg med belysning rundt skular og typiske bygdesentrum, samt der fylkesveg er skuleveg, og overtaking av drift av desse
- Sørge for fortrinnsvis todelt, samanhengande sykkelvegnett i dei største byane og tettstadane i fylket, og samarbeide med kommunane for å få fullført strekningar som utgjer «hol» i gang- og sykkelvegnettet
- Etablere funksjonell sykkelparkering ved viktige kollektiv- og trafikknutepunkt og gjere det lettare å ta med sykkel på bussen
- Sikre god brøyting og strøing langs gang- og sykkelveggar
- At fylkeskommunale arbeidsplassar skal leggje til rette for sykkel og gonge til arbeid
- Sikre driftsmidlar til betre skilting og framkomelegheit på eksisterande sykkelveggar
- Sørge for eit sterkt samarbeid med Trygg Trafikk
- Minimere tap av natur og matjord ved utbygging av gang- og sykkelveggar ved eksempelvis å vurdere fysisk skilje der det kan vere tenleg

- Vurdere å omdisponere av eksisterande vegareal til sykkelfelt der det kan vere tenleg, og nytte nedklassifisert vegareal til tur- eller sykkelstiar
- Gjennomføre trafikksikringstiltak for mjuke trafikantar over jernbanelinja mellom Øran og Åndalsnes sentrum, samt kryssutbetring på Øran
- Ha med utbygging av gang- og sykkelveg i alle nye vegprosjekt

Regional utvikling

Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i samfunnsutviklinga i fylket. Fylkeskommunen er regional planmynde, og fungerer også som bindeledd og koordinator på tvers av kommunar. I tillegg til å bistå med rettleiing, ønskjer vi ein aktiv fylkeskommune som tek initiativ til samarbeid og bidreg med sin fagkompetanse til beste for kommunane.

For å ivareta denne rolla, må fylkeskommunen vere tett på kommunane, ha god kjennskap til lokale forhold og sjå kva utfordringar kommunane står i. Vi må også bidra til å vidareutvikle utdannings- og kompetansmiljøa i heile fylket, og bruke dei inn i den grønne omstillinga som kommunane står ovanfor. Slik kan fylkeskommunen vere ein motor for ei sunn stadsutvikling til beste for både lokalsamfunn og miljø.

Distrikt og lokalsamfunn, by- og tettstadsutvikling

Byar og distrikt utfyller kvarandre og er gjensidig avhengige av kvarandre. Vi vil bidra til at dei får spele på lag og nå felles mål om ei god utvikling, både miljømessig og sosialt, i heile fylket. Vi vil leggje til rette for at alle skal ha tilgang på god infrastruktur og offentleg velferd, uansett kvar ein bur i fylket.

Det er store skilnader i folketalsutviklinga i ulike deler av fylket. Byar og bynære kommunar opplever folketalsvekst, medan det er nedgang i mange distriktskommunar. Også internt i kommunane er det store ulikskapar, noko det er viktig å vere bevisst når fylkeskommunen skal plassere eller etablere nye tenester og funksjonar. Ved å fordele desse godt over heile fylket, kan vi bidra til at folk kan bu og arbeide også i distrikta.

SV vil:

- At fylkeskommunen skal vere ei fagleg støtte for kommunane, og bidra til auka kompetanse og samhandling på tvers av kommunar og fagmiljø
- Støtte opp om innovasjons- og kunnskapsmiljøa, vidareføre skaparkraftsatsinga, og vidareutvikle utdannings- og forskingsmiljøa i heile fylket
- Vidareføre satsinga «byen som regional motor» i samarbeid med Ålesund, Kristiansund og Molde
- Vidareføre tettstadsutviklingsprogrammet for å vidareutvikle både store og små tettstader i fylket
- At dei regionale utviklingsmidlane skal bidra til ei positiv og berekraftig utvikling av både byar og distrikt
- Utarbeide satsingar for å få ungdom til å bli verande i, eller kome (tilbake) til fylket
- Oppretthalde busetnad og tenestetilbod i distrikta

- Vektleggje ei berekraftig og lokalt tilpassa tettstadsutvikling som fremjar stadsidentitet, tilhøyrslse og trivsel
- Sjå på om det er mogleg å koordinere kommunale attraktivitets- og rekrutteringsprosjekt for å unngå at kommunane i regionen taper pengar i gjensidig kamp om innbyggjarar og arbeidsplassar

Demokrati og medverknad

SV ønskjer eit sterkt representativt demokrati der det er lett og trygt for alle å delta. Folkestyret blir betre når fleire tek del i det, og når fleire erfarer at deira syn er ivareteke og representert.

Folkestyret er avhengig av tillit for å fungere. Vi vil gjere det lettare for innbyggjarar og lokalsamfunn å kunne påverke i saker, få kome med innspel, bli høyrd og teke på alvor. Slik blir avgjerder fylkeskommunen skal fatte, flytta nærare dei det gjeld. Vi vil arbeide for ein opnare og meir tilgjengeleg fylkeskommune.

SV vil:

- Sikre nærleik og breidde i det representative demokratiet. Vi vil behalde talet på representantar i fylkestinget på dagens nivå
- Arbeide for eit større mangfald i politiske og offentleg oppnemnde styre, råd og utval
- Senke terskelen for innbyggjarar, brukargrupper og lokalsamfunn til å medverke i saker som opptek eller vedkjem dei, både på systemnivå og på individnivå
- Prøve ut nye måtar å inkludere folk og lokalsamfunn i demokratiske prosessar
- Oppretthalde fylkeskommunen som eige forvaltningsnivå. SV er for at fylkeskommunen får eit større ansvar på område som t.d. helse, samferdsel og miljø
- Gjere politikken meir tilgjengeleg for ungdom og unge vaksne ved at fylkeskommunen blant anna nyttar sosiale medium aktivt
- Oppretthalde Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som eigne utval i fylkeskommunen
- Sikre gode rammer slik at ungdomspanelet og ungdommens fylkesting får meir medverknad i fylkespolitikken og utviklinga av fylket vårt
- Vere positiv til nye forsøksprosjekt med røysterett for 16-åringar
- Auke openheita i fylkeskommunen gjennom å jobbe for «meiroffentlegheit» med betre innsyn og klarspråk

Næring og verdiskaping

Møre og Romsdal er rikt på naturressursar, og har eit innovativt næringsliv med sterk lokal forankring. Overordna samfunnsinteresser og miljøomsyn må liggje til grunn for den regionale nærings- og industripolitikken. SV ønskjer å leggje til rette for å vidareutvikle eit variert og allsidig næringsliv med lokal eigarskap.

Det er viktig at både industri, reiseliv, kulturnæring, landbruk og fiske har optimale vilkår, noko som krev eit aktivt samspel mellom næringane, fylket og kommunane. SV vil prioritere

midlar til utviklingsarbeid for både nyetablerarar og eksisterande bedrifter som er inne i omstilling.

Næringsliv og industri

Møre og Romsdal SV vil arbeide for ein aktiv og ubyråkratisk næringspolitikk som også tek omsyn til små og mellomstore bedrifter. Kraftmarknaden må styrast politisk, og industrien må sikrast nok kraft til akseptable prisar.

Dei siste åra har fleire av hjørnesteinsbedriftene i Møre og Romsdal fått nye, dels utanlandske eigarar. Vi vil vere med å støtte tiltak som kan sikre norsk eigarskap innan industriproduksjonen. Det kan mellom anna skje ved at det offentlege stimulerer lokale gründerar og etablerte bedrifter i deira arbeid med å utvikle idear basert på lokale ressursar, natur, kultur og kompetanse.

SV vil:

- At innkjøp og anbudsreglementet søkjer å styrkje lokalt næringsliv. Til dømes kan store anbud delast opp for å gjere det lettare for lokale leverandørar å konkurrere
- Bruke fylkeskommunen sine innkjøp til å skape etterspørsel etter grønne løysingar levert av norsk industri
- At råvarene våre får ein så høg foredlingsgrad som mogleg i fylket for å auke verdiskapinga og sikre arbeidsplassar
- Arbeide for å sikre stabil tilgang til kraft, og sørge for at industrien får dra nytte av lokal kraftproduksjon. Vi vil ta tilbake politisk styring av forsyningstryggleik og prissetting av krafta
- Sikre føreseielege kraftprisar til prosessindustrien. Norsk prosessindustri skal vere verdslaiande på klimaløysingar
- Opne nye dører for norsk industri. Norske eksportordningar skal stimulere til bruk av norsk teknologi og ferdigvareindustri, og søkje nye marknader for norsk industri
- Oppretthalde gode garanti- og finansieringsordningar til norske eksportbedrifter
- Jobbe for innføring av statlege garantiordningar for etablering av ny klimavennleg industri
- At cruiseskip og andre båtar som blir brukt i turistsamanheng skal segle utsleppsritt inni fylket. Mengd på cruiseanløp og storleik på skip må regulerast slik at vi unngår overturisme og greier å oppretthalde naudsynt beredskap ved krisesituasjonar
- Arbeide for miljødifferensierte avgifter på skipstrafikken etter prinsippet om at forureinar skal betale, og stimulere til at kommunane stiller miljøkrav til skip ved hamneanløp
- Innføre krav om nullutslepp i offentlege innkjøp og stille høgare miljøstandardar for ferjer og hurtigbåtar
- Jobbe for å desentralisere Innovasjon Norge for å auke nærleiken til lokalt næringsliv
- Tilby og støtte opp om møteplassar for næringslivet som fremjar regionalt samarbeid, nyskaping og innovasjon, og som byggjer opp under mål om sirkulærøkonomi, berekraft og nullutslepp
- Styrkje lokal kulturutvikling og vekst i kreative næringer
- Leggje til rette for kontorfellesskap for bedrifter og enkeltmannsføretak

Reiseliv

Urørt natur, velstelt kulturlandskap og reint miljø er nokre av Møre og Romsdal sine store fortrinn i reiselivssamanheng. Dette må vi arbeide aktivt for å ta vare på. Det må være ein god balanse mellom naturvern, bruk av natur og utvikling av reiselivet. Reiselivet skal ikkje vere til belastning for fastbuande og lokalsamfunn. Vi vil arbeide for eit kunnskapsbasert og økologisk forsvarleg reiseliv basert på lokal identitet, kultur og natur, med genuine opplevingar framfor masseturisme.

SV vil:

- At Møre og Romsdal går føre i satsinga på berekraftig reiseliv, tufta på lokale aktørar og lokalt eigarskap. Verdiskapinga i reiselivet må kome lokalsamfunna til gode
- Vere pådrivar for å gjere cruisetrafikken meir berekraftig ved å avgrense talet anløp, og gjere 2026-miljøkrava om nullutslepp for verdsarvsfjorden Geirangerfjorden gjeldande også for dei andre cruisedestinasjonane i fylket
- At fylket har økoturisme med natur- og kulturopplevingar med lokal forankring som eit satsingsområde
- Utgreie om det er mogleg å innføre eit turistfiskekort for sjøfiske
- Utgreie moglegheita for å innføre ei miljøavgift for turistar etter modell frå Svalbard Miljøvernfond
- Ikkje legge til rette for motorisert ferdsel i naturen i turistsamanheng
- Verne om allemannsretten. Naturressursane tilhøyrer fellesskapet
- Leggje til rette for kulturbasert reiseliv med satsing på museum, konsert- og festivalopplevingar, saman med dei etablerte attraksjonane

Landbruk og skogbruk

Dei naturbaserte næringane er viktige i fylket, både for å sikre matforsyning, oppretthalde busetnad og gode lokalsamfunn, og som ein nøkkel til det grønne skiftet.

Matjorda treng eit sterkare vern, og vi treng fleire bønder for å auke sjølvforsyninga og ivareta naturmangfald og kulturlandskap. Det må løne seg å bruke lokale ressursar som beite og utmark. No går store jordbruksareal ut av drift, og særleg bønder med små og mellomstore bruk ser ikkje lenger ei framtid i yrket. Dei låge inntektene i landbruket trugar både norsk matproduksjon og busetjing i distrikta. Denne utviklinga må vi snu!

Skogbruket er viktig i det grønne skiftet. Nye satsingar innanfor skogbruket kan gi auka innovasjon og berekraft. Skogen må forvaltast slik at vi tek vare på naturmangfaldet.

SV vil:

- Styrkje jordvernet. Vi må stoppe nedbygging av matjord i fylket
- Oppretthalde kravet om økonomisk jamstilling mellom bønder og andre grupper
- Auke sjølvforsyningsgraden. Vi må ta utgangspunkt i dei naturgjevne føresetnadane i fylket, og vri støtteordningar frå volum og over til god agronomi på areal i drift
- Ta vare på kulturlandskapet. Beitebruk og god ressursutnytting må løne seg mykje meir enn i dag
- Leggje til rette for auka produksjon av grønsaker, frukt og bær
- Etterspørre lokalmat og økologisk mat i fylkeskommunen sitt innkjøpsregelverk

- Vidareutvikle landbruksutdanningane på Gjermundnes vidaregåande skule og stimulere til rekruttering til naturbruk, landbruk og gartnerfaga
- Ha ei større satsing på utvalde kulturlandskap i landbruket
- At landbruket si satsing på klimakutt, karbonbinding i jord, og utvikling av jordbyggjande og regenerative praksisar blir styrkja
- Arbeide for at småbruk blir bevarte som heilårsbustader framfor å gå over til å bli feriehus
- Verne 10 % av skogen innan 2030 for å sikre naturmangfald og truga natur
- Vri skogbruket i meir berekraftig retning. Vi vil leggje til rette for moderne plukkhogst framfor flatehogst
- Auke etterspørselen etter trevirke som byggjemateriale gjennom å satse på trebaserte bygg

Fiske og havbruk

Møre og Romsdal er eit av dei største fiskerifylka i landet. Fiske og havbruk bidreg stort til sysselsetjing og busetjing, og produserer mat som verda treng. For at verdiane i næringa skal kome kystsamfunna til gode, er det viktig å behalde lokalt eigarskap og sikre at nye konsesjonar og kvoter også er tilgjengelege for nye som vil inn i næringa.

Naturressursane tilhøyrrer fellesskapet og må kome lokalsamfunna til gode. Dei fornybare fiskeressursane kan vare evig dersom dei blir forvalta rett, slik at einunngår overbeskatning. SV vil ha ei utsleppsfril havbruks- og oppdrettsnæring, og få ned det økologiske fotavtrykket i oppdrettsnæringa. Det kan innebære lukka anlegg eller annan teknologi som sørgjer for at fisk ikkje rømmer eller at miljøgifter hamnar i havet. Landbaserte anlegg må også vurderast nøye med tanke på naturinngrep.

Mange vil bruke havet på nye måtar. SV vil ha ei føre var-haldning til nye næringar, der naturmangfald og fiske må ha forrang.

SV vil:

- Utvide og styrkje kystfiskekvoten
- Arbeide for å gjenopprette landbasert fiskeforedlingsindustri
- Arbeide for et nasjonalt forbod mot nyetableringar og utviding av eksisterande oppdrettsanlegg i nasjonale laksefjordar
- Seie nei til nye havbrukskonsesjonar til miljøproblema er løyste
- Krevje at all fiskeoppdrett skal skje i lukka anlegg innan 2025, der også unytta fôr og avføring blir samla og distribuert til vidare utnytting eller foredling
- Ikkje bruke urørt kystlinje til landbasert fiskeoppdrett, som til dømes ved Stavneset på Averøya
- Jobbe for å innføre dyrevelferd (lus, rømming) som indikator i trafikklysordninga for oppdrettsfisk
- Setje i verk tiltak for å redusere bruken av plast i fiskereiskap
- Støtte opp om nye berekraftige havbruksnæringar som tare dyrking og kråkebolleoppdrett
- At utvikling av flytande havvind, nye former for havbruk og utnytting av mineral i havet ikkje må gå på bekostning av eksisterande artsmangfald og fiske

- Bidra inn i ungdomsfiskeordninga for å styrkje rekrutteringa til næringa og gi unge ein inngang til yrket

Kultur

Kulturlivet er ei fri og skapande samfunnskraft. Kulturen skaper meining og bind oss saman. Å satse på kultur utløyser mykje frivillig arbeid og engasjement, og er også ein nøkkel til integrering. SV vil at alle skal kunne oppleve, delta i og skape kunst og kulturuttrykk, uavhengig av bakgrunn, økonomi eller kvar ein bur i fylket. Vi vil gi kulturlivet gode økonomiske rammevilkår og gode fysiske fasilitetar med ei føreseieleg drift.

Kulturinstitusjonar må kunne nyttast av alle, uavhengig av lommebok. Bibliotek, museum, musikk, idrett og barne- og ungdomskultur må vere tilgjengeleg i heile fylket. Breidda i kulturtilbodet må sikre gode tilbod der folk bur.

Bibliotek og museum er viktige kunnskapsinstitusjonar. Dei må få utvikle seg, og kulturminne og kulturarv må takast vare på og formidlast til nye generasjonar.

Kulturliv, kulturnæring og frivilligheit

Vi ønskjer eit kulturliv med breidde og kvalitet, som er tilgjengeleg for alle. Kulturlivet blir skapt og utvikla av både profesjonelle, amatørar og det deltakande publikummet. Nettopp denne kombinasjonen av frivillige og etablerte kulturnæringsaktørar, utløyser stor meirverdi.

Vi vil ha ein aktiv fylkeskommunal kulturpolitikk som gjer det mogleg å la kulturlivet blomstre. Estetiske fag, som musikk, dans og drama og kunst, design og arkitektur, må bevarast ved dei vidaregåande skulane. Møre og Romsdal skal vere ein attraktiv stad å bu, leve og arbeide kreativt for kunstnarar og kulturarbeidarar. Fylkeskommunale midlar til næring og samfunnsutvikling må også kome aktørar i kulturnæringa til gode.

SV vil:

- Styrkje og vidareutvikle skulebiblioteka ved dei vidaregåande skulane i fylket
- Vidareutvikle ordninga med kulturrabatt til kulturarrangement for ungdom, og utvide ordninga til å gjelde fleire aktørar, og også inkludere idrett
- Styrke samarbeidet mellom dei regionale kulturaktørane i fylket, og legge til rette for utvikling av nye og eksisterande samarbeidsavtalar
- Vidareføre støtte til scenekunst, festivalar og større kulturarrangement, samt frivillig arbeid innanfor kultursektoren i heile fylket
- Vidareutvikle scenekunsten via profesjonelle aktørar som Teatret Vårt i Molde, Operaen i Kristiansund, Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, Ungdommens kulturmønstring og andre
- Arbeide for å sikre fylkeskommunale bidrag til utvikling og drift av sentrale kulturinstitusjonar som f.eks. Normoria i Kristiansund, Plassen i Molde, Kuben i Ålesund og Aasantunet i Ørsta
- Støtte kultursamarbeid i kommunar og regionar, og styrkje den frivillige kulturen

- Ta initiativ til ein ny samarbeidsavtale med det flytande litteraturhuset Epos (tidlegare bokbåten Epos) for å kunne tilby litteratur- og kulturarrangement til barn og vaksne på mindre stader
- At kulturtilbodet skal vere tilgjengeleg for alle, uavhengig av funksjonsevne eller funksjonsvariasjon
- At fylkeskommunen held fram samarbeidet med kulturskulane om fordjupingstilbod til kulturskuleelevar som ønskjer det uavhengig av kvar dei bur i fylket
- Melde Møre og Romsdal Fylkeskommune inn i Norsk Kulturskoleråd
- Vidareføre og styrkje ordninga med kunstnarstipend til kunstnarar og forfattarar
- Leggje til rette for at fleire kan leve av kunsten sin, med anstendige arbeidsvilkår, og byggje nettverk av kulturaktørar for å gi fleire kulturarbeidsplassar
- Forenkla søknadsprosessen til Møremusikarordninga slik at fleire finn det tenleg å søkje
- Ha eit aktivt eigarskap i Vestnorsk Filmsenter, bidra til å styrkje den regionale filmsatsinga, og utnytte potensialet i ferdige filmproduksjonar

Museum og kulturarv

Museum og kulturminne er vår felles hukommelse. Musea i Møre og Romsdal er viktige regionale institusjonar som samlar, bevarer og fortel vår felles historie og kulturarv. Vi vil leggje til rette slik at musea kan by på mangfaldige museumsopplevingar for heile befolkninga, og ha gode rammer for forskning, forvaltning og formidling.

Kulturminneforvaltninga sikrar vår felles kulturarv. Miljøvern og kulturminnevern heng ofte saman, då endra arealbruk er ein sentral faktor bak tap av kulturminne. SV vil styrkje samarbeidet mellom kommunar og fylkeskommune i arbeidet med kulturminnevern.

SV vil:

- Styrkje musea som viktige regionale aktørar for kultur, kunnskap og historie
- Vere en pådrivar for å ivareta kulturarven i fylket gjennom regionale museumssamanslutningar på Nordmøre, i Romsdal og på Sunnmøre
- Støtte opp under profesjonsfagleg arbeid i musea i fylket i samsvar med det internasjonale museumsetiske regleverket (ICOM)
- Leggje til rette for godt samarbeid mellom musea og dei vidaregåande skulane, slik at dei får dra nytte av kulturformidlinga til musea
- Gi barn og unge under 20 år gratis inngang på musea
- Ta vare på dei rike folkemusikktradisjonane i fylket gjennom aktiv innsamling og formidling
- Styrkje bygningsvernet i fylket gjennom museum og kulturminneforvaltninga
- Ivareta kulturminne som ressurs i lokalsamfunna via vern gjennom bruk
- Ha ein aktiv politikk for å bevare skifertak og andre tradisjonelle bygningskjennemerke på private hus og offentlege bygningar
- Arbeide for å styrkje støtteordningane og rådgjevingstenester for restaurering av private hus med verneverdi
- Oppmode alle kommunar til å utarbeide ein kulturminneplan, slik at omsynssoner kjem inn i dei overordna kommunale arealplanane

- Auke samarbeidet mellom byantikvarar og kulturminneforvaltninga i fylket, og styrkje fylkeskommunen sin kapasitet til å rettleie kommunar i spørsmål om kulturminne

Skule og utdanning

Eit samfunn med små forskjellar er eit godt samfunn for alle. Lik rett til utdanning er ein føresetnad for å nå dette målet. Ein sterk fellesskule gjer at elevar møtest på tvers av bakgrunn. Fullført vidaregåande opplæring er eit viktig grunnlag for deltaking i samfunnet og arbeidslivet. Alle elevar må ha same moglegheiter til utdanning og læring, uavhengig av bustad, bakgrunn eller funksjonsevne.

Arbeidet med å få fleire til å fullføre krev langsiktig og målretta arbeid og heng særleg saman med tett oppfølging av kvar elev gjennom heile utdanningsløpet. Lærarane treng meir tid og meir tillit. SV vil redusere unødig testing og rapportering, og la lærarane bruke tida til undervisning. Vi vil også sikre god etter- og vidareutdanning. Vi vil bevare ein desentralisert skulestruktur der elevane kan bu heime lengst mogeleg, og gjere det lettare for fleire å fullføre utdanninga si.

Vidaregåande opplæring

SV vil arbeide for ein vidaregåande skule med høg kvalitet og der fleire gjennomfører. Vi vil styrkje arbeidet mot fråfall. Det er viktig med god rettleiing og oppfølging av enkeltelevar. SV vil bevare ein desentralisert struktur for skulane.

SV vil:

- Ha ein desentralisert skule- og tilbodsstruktur slik at flest mogeleg kan gå på vidaregåande skule utan å måtte flytte heimanfrå
- Utreie nærskuleprinsippet for opptak til vidaregåande, og innføre ei opptaksordning som i større grad tek omsyn til elevane sine ønskje, interesser og behov
- Arbeide systematisk for at alle elevar er ein del av eit inkluderande læringsfellesskap
- Auke gjennomføringa gjennom tidleg innsats, god rettleiing og tett oppfølging, samt tiltak for å auke lærartettleiken
- Sjå til at fylkeskommunen oppfyller elevane sine lovfesta rettar til timetal i faga, og at det blir sett inn vikar ved fråvær
- Sikre alle elevar rett til aktiv deltaking og medverknad i opplæring med vurderingspraksis. Øving i demokratisk medborgarskap kan til dømes fremjast gjennom elevmedverknad i undervisning, deltaking i Utdanningsutval, Ungdomspanel og Ungdommens fylkesting.
- Arbeide aktivt for integrering av ungdom med minoritetsbakgrunn
- At vaksenrett til vidaregåande opplæring blir fullt ut gjeldande ved dimensjonering av tilboda ved vidaregåande skular
- Sørge for at kapasiteten i dei vidaregåande skulane er tilpassa flyktnings situasjonen
- Legge til rette for at fleire yrkesgrupper kjem inn i vidaregåande skular, som miljøterapeutar og barne – og ungdomsarbeidarar
- Gå imot nye søknader om privatskular. Desse trugar ikkje berre små skular i distriktet, men undergrev også dei mindre og dyre opplæringstilboda generelt

- Styrkje skulehelsetenesta, rådgjevingstenesta og PP-tenesta for å hjelpe elevar med ekstra behov
- Sikre fagkunnskap og nok ressursar til oppfølgingstenesta og elevtenestene ved skulane slik at ein kan arbeide systematisk mot ufrivillig skulefråver, fråfall og utanforskap. Sikre rett til opplæring for elevar med ufrivillig skulefråver
- Vere ein pådrivar i kampen mot mobbing og jobbe for å auke den nasjonale oppslutninga i anti-mobbekampanjer. Auke ressursane til mobbeombodet og elev- og lærlingombodet i fylket
- Arbeide for gode elevkantiner med sunn mat ved alle dei vidaregåande skulane, og å redusere matsvinnet i kantinene
- Sikre unge på hybel gode buforhold gjennom å opprette ei hjelpe- og oppfølgingsordning for bortebuande elevar, og utgreie ordningar der fylkeskommunen leiger elevbustader ved behov
- Prioritere ein tilbudsstruktur på vidaregåande linjer som støttar opp om lokalt næringsliv
- Tilby fleksible løp der det er lettare å veksle mellom teori og praksis gjennom heile opplæringa, og støtte arbeid med å utvikle meir varierte læringsformer
- Ha betre tilgang på gode og varierte lære plassar til rett tid
- Samarbeide med lokale bedrifter om lære plassar slik at elevar slepp å flytte for å fullføre utdanninga si
- Arbeide for lovfesta lære plass. Inntil retten er lovfesta, vil vi gi alle elevar som står utan lære plass rett til eit praksisbasert opplæringsløp i skulen.
- Arbeide for meir midlar til oppdatert utstyr både på yrkesfag og fagskular
- Arbeide for å auke driftsrammene til dei vidaregåande skulane og fagskulane
- Verne om gratisprinsippet, og sikre gratis læremiddel i vidaregåande opplæring
- Halde fram med å bygge nye og ruste opp eldre skulebygg i tråd med krav om kvalitet, miljø og tilgjenge for alle
- Arbeide for meiroopne skulebibliotek og skulebygg, slik at øvingsrom og verkstader er tilgjengelege for elevane på kveldstid
- Legge til rette for at elevar får oppfylt sin lovfesta rett til digitale læremiddel og digitale støtteprogram på nynorsk
- Leggje til rette for at nynorskelevar beheld språket sitt i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande
- Gjere det enklare å få fullført vidaregåande opplæring for folk som av ulike årsaker ikkje får gjort det på normert tid

Fagskulane og høgare utdanning

Fagskulane er ein viktig del av skule- og studietilbodet i fylket. SV vil bevare og styrkje fagskuletilbodet. Det er avgjerande at fagskulane har nok ressursar og utstyr til å gi ei god, framtidretta utdanning.

SV vil:

- Satse på fagskuleutdanninga ved å styrke finansieringa og auke talet på studie plassar ved fagskulane
- Støtte opp om og halde fram satsinga på Campus Kristiansund
- Støtte arbeidet med høgare utdanning i fylket

- Vidareføre samarbeid med kulturutdanningane og drift av Seanse ved Høgskulen i Volda, slik at dei kan spele ei enda meir aktiv rolle for kulturlivet i heile fylket
- Styrkje dei viktige kunnskaps- og forskingsinstitusjonane vi har i fylket innanfor miljø, hav- og landbruk, som Runde Miljøsentor, Norsøk og NIBIO Tingvoll

Tannhelse og folkehelse

Tannhelse

Mange gruar seg til å gå til tannlegen, ikkje berre i frykt for hol i tennene, men også av frykt for utgiftene. I dag gir det offentlege gratis tannbehandling til barn og til enkelte prioriterte grupper, slik som eldre, langtidssjuka og rusavhengige, men for dei fleste vaksne utgjør tannhelse eit hol i velferdsstaten som kan koste dyrt. SV har tannhelse prioritert som vårt neste, store velferdsløft. Vårt mål er at det ikkje skal koste meir å gå til tannlegen enn til legen. Vi treng ei god offentleg og desentralisert tannhelseteneste for alle.

SV står i bresjen for ei nasjonal tannhelsereform som vi vil rulle ut gjennom det offentlege tannhelsetilbodet i fylkeskommunane. Vi vil utvide dette tilbodet til stadig fleire grupper, og gjere tannhelsa til ein del av folketrygda. Vi har allereie fått seinka kostnadane for unge opp til 26 år, og no står eldre og vaksne for tur. Skal tannhelsereforma lukkast, trengst det gode rekrutteringstiltak og auka kapasitet slik at fylkeskommunen er rusta for ei opptrapping.

SV vil:

- Sikre det offentlege, desentraliserte tannhelsetilbodet i heile fylket og sjå til at alle som har rett til tannhelsetenester i det offentlege blir følgt opp
- Utvide det offentlege tannhelsetilbodet og tilby gratis eller billegare tilbod til fleire grupper
- Inkludere fleire tannhelsetenester i fylkeskommunal regi, til dømes pilotprosjekt med kjeveortopedi som del av det offentlege tilbodet
- Bidra til god rekruttering til dei fylkeskommunale tannhelseklinikkane ved å modernisere og oppgradere utstyr og lokale
- Arbeide for fleire fylkeskommunale heimlar og stillingar for tannlegar og tannpleiarar
- Samarbeide med Studentsamskipnadane for å sikre at studentar får eit tannhelsetilbod i tråd med lovverket
- Sikre eit meir variert pasientgrunnlag med fleire betalande vaksne som kan velje den offentlege tannhelsetenesta, utan at det går ut over prioriterte pasientar
- Betre tannhelsa til dei eldre gjennom å styrkje samarbeidet mellom fylkeskommunale og kommunale tenester, og leggje til rette for oppfølging i institusjon
- Halde ved like og styrkje kompetansen til dei tilsette ved tannklinikkane for betre å kunne avdekkje vald og overgrep

Folkehelse

God helse heng saman med levekår og ressursfordeling. SV jobbar for å redusere ulikskap i folkehelsa og i folk sine levekår gjennom å sikre gode, offentlege helsetenester og motverke

fattigdom. Fylkeskommunen skal vere pådrivar for å samordne og understøtte folkehelsearbeidet i heile fylket. Eit breitt spekter av folkehelseiltak der menneske får høve til å vere aktive, drive rekreasjon og møte andre på sosiale arenaer, verkar både helsefremjande og førebyggjande. Vi treng gode nærmiljø, tilgang på friluftsområde og parkar.

Einsemd og psykiske helseproblem er ei stor utfordring og berører alle generasjonar og livssituasjonar. Greier vi å redusere utanforskapet, betrar vi folkehelsa. Det å kunne vere aktiv i idrett eller frivillig arbeid, er med på å skape fellesskap, meistring og gode lokalmiljø. Alle er verdifulle og kan bety noko for nokon andre!

SV vil:

- Styrkje friluftsråda og satse vidare på Stikk-ut og andre lågterskel friluftaktivitetar i heile fylket
- Sikre allemannsretten og bevare strandsona som tilgjengeleg friluftsområde
- Bidra til implementering av "Leve hele livet" i fylket, for ein trygg og aktiv alderdom
- Stimulere til at fleire kommunar i fylket opprettar frisklivssentralar
- Initiere skulehagesatsingar, parsellhagar og andelslandbruk i heile fylket
- Vektleggje folkehelseperspektivet i offentleg planlegging og samfunnsutvikling
- Støtte opp under arbeidet til frivilligsentralane i kommunane
- Leggje til rette for at fleire kan vere aktive gjennom å gå og sykle i kvardagen
- Støtte idrett og frivilligheit i heile fylket, og stimulere til at fleire får delta
- Styrkje skulehelsetenesta i dei vidaregåande skulane og støtte initiativ til førebyggjande tiltak, spesielt i form av tidleg innsats for barn og unge
- Unngå digitalt utanforskap. SV vil sørge for framleis moglegheit for å kunne betale kontant, og at folk skal nå tak i offentlege tenester og tilbod utan å vere avhengig av appar, smarttelefonar og digitale ferdigheiter

Spesialisthelsetenesta

Staten har ansvaret for spesialisthelsetenesta og sjukehusa gjennom føretaksmodellen. SV arbeider for å avvikle helseføretaksmodellen og ta sjukehusa attende til demokratisk styring. Til det skjer, må fylkeskommunen vere pådrivar for eit godt og likeverdig helsetilbod til innbyggjarane, med ei god funksjonsdeling mellom institusjonane.

SV vil:

- Jobbe for å avvikle helseføretaksmodellen og ta sjukehusa tilbake i folkevald styring
- Krevje forsvarlege fødetilbod og opne fødeavdelingar året rundt ved alle dei fire sjukehusa i fylket. Det må bli slutt på nedprioriteringa av føde- og barselomsorga
- Jobbe for å bevare og utvikle dei spesialiserte rehabiliteringstilboda på Mork og Aure
- At fylket skal få meir ressursar til å bygge ut behandlingstilbodet innanfor rus, psykiatri og spiseforstyrrelsar

Arbeidsliv og inkludering

Eit organisert arbeidsliv med sterke fagforeiningar, faglege rettar og tariffavtalar er avgjerande for å utjamne maktforholda i arbeidslivet. SV vil arbeide for eit seriøst og godt organisert arbeidsliv der fylkeskommunen i størst grad driv tenester i eigenregi. Vi vil gi tilsette tid og tillit til å bruke sitt faglege skjønn og kompetanse i oppgåvene dei er sett til.

SV vil byggje eit samfunn for alle, og ser på mangfald som noko som gjer oss rikare. Sterke velferdsordningar, eit inkluderande arbeidsliv og eit demokratisk oppbygd samfunn gir enkeltmennesket moglegheiter og rettar til å leve frie liv.

Fylkeskommunen som arbeidsgjevar

Den norske modellen, med godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane, må liggje til grunn for fylkeskommunen sin arbeidslivspolitik. Vi vil styrkje partssamarbeidet. Vi vil unngå privatisering og konkurranseutsetjing, og i størst mogleg grad drive tenestene i eigenregi. Vi vil halde oppe trykket for eit seriøst arbeidsliv, og stille strenge krav til kvalitet og miljø ved innkjøp og anbod.

Like viktig som å rekruttere kompetanse, er det å behalde dei vi har. Dei tilsette har verdifulle erfaringar og kunnskapar som vi må byggje vidare på. Heile, faste stillingar skal vere regelen, og dei tilsette skal ha tid og tillit til å utføre arbeidet i tråd med faget sitt. Vi ynskjer ikkje detaljstyring og snever mål- og resultatstyring.

Vi vil at folk skal kunne bu og arbeide i heile fylket, og unngå sentralisering. Vi vil spreie dei fylkeskommunale arbeidsplassane slik at ein også skal kunne bu i distrikta, og leggje til rette for heimekontor og desentraliserte kontorfellesskap.

SV vil:

- Ha som prinsipp at flest mogleg tilbod og tenester blir drivne i eigenregi, også reinhald, kantinedrift, vaktmeistertenester m.m.
- Byggje opp eigen fagkompetanse der det er mogleg, framfor å leige inn konsulentar og eksterne
- Sørge for at vi har den til ein kvar tid beste modellen for eit seriøst arbeidsliv. Vi vil stille strenge krav til innkjøp og anbod også ovanfor underleverandørar, og heile tida jobbe aktivt for å hindre arbeidslivskriminalitet
- At fylkeskommunen skal halde fram med å ha ein koordinator for seriøst arbeidsliv i alle store kontraktar og sørge for at prosedyrar for eit seriøst arbeidsliv blir følgd
- Stille strenge krav til kvalitet og miljø, og vekte det høgare enn i dag, ved innkjøp og anbod
- Utforme innkjøpsreglement slik at også lokale leverandørar i stor grad kan bli nytta
- At fylkeskommunen skal som mål å ta inn fleire lærlingar enn i dag, og opprette fleire internship-moglegheiter for studentar og nyutdanna
- Gi fagfolk tid og tillit, og arbeide for at tillitsreforma i offentleg sektor blir rulla ut, slik at tilsette får større handlingsrom til å utføre arbeidet sitt på ein fagleg, god måte

- Satse på heiltidskultur. Vi vil ha heile, faste stillingar som grunnprinsipp for tilsettingar og sikre ei god grunnbemanning
- Unngå bruk av bemanningsbyrå og innleige. Vi vil opprette interne vikarordningar der det er mogleg
- Sikre at dei fylkeskommunale arbeidsplassane blir fordelte slik i fylket at vi unngår sentralisering og fråflytting frå distrikta
- Leggje til rette for å kunne arbeide via heimekontor eller via desentraliserte arbeidslokale der det er tenleg
- Styrkje trepartssamarbeidet i fylket, jobbe for nasjonale kollektive lønsforhandlingar, og bidra til at tilsette og tillitsvalde kjem tidleg inn i prosessar som vedkjem deira løns- og arbeidsvilkår
- Gi tilsette gode høve til læring og kompetanseheving gjennom heile arbeidslivet
- At fylkeskommunen skal ha eit godt system for å førebyggje skade og sjukdom hos eigne tilsette. Systemet for helse, miljø og tryggleik må fungere etter intensjonane, og der mellom anna avviksmeldingar vert behandla på forsvarleg vis.
- Sikre oppdatert kunnskap og stille strenge krav til innemiljøet i alle bygg
- Ha eit aktivt eigarskap i arbeids- og inkluderingsbedrifter for å vidareutvikle eit inkluderande arbeidsliv i samarbeid med bedrifter og kommunar
- Halde fram med nynorsk som administrasjonsspråk i fylkeskommunen

Mangfald, likestilling og inkludering

Fellesskapet rommar mangfald og likeverd. Likestilling og inkludering må liggje til grunn for korleis vi organiserer oss som samfunn. SV er eit feministisk parti, som vektlegg at vi må arbeide aktivt for å utjamne skeive maktforhold.

Menneske med nedsett funksjonsevne og ulike funksjonsvariasjonar, opplever framleis utanforskap i samfunnet og i arbeidslivet. Vi treng å styrkje arbeidet for universell utforming og tilrettelegging i kvardagen slik at velferdstilbod og jobbmoglegheiter blir tilgjengelege for alle, og at alle kan leve aktive og sjølvstendige liv.

Mangfaldet i samfunnet er ein styrkje. Vi må ivareta skeive sine rettar på alle plan i samfunnet, og anerkjenne det mangfaldet som finst av seksuelle orienteringar, kjønnsidentitetar og kjønnsuttrykk. I Møre og Romsdal skal alle kunne vere seg sjølv uavhengig av kven dei er eller kven dei elskar.

Innvandrarar og flyktningar skal bli tekne godt i mot i Møre og Romsdal. Fleirkultur er ein ressurs i arbeids- og samfunnsliv. Vi i SV vil auke den fleirkulturelle forståinga og kompetansen, både i og utanfor den fylkeskommunale verksemd. Vi må arbeide målretta for å motarbeide rasisme og diskriminering i alle former.

Overgrep og vald i nære relasjonar er eit samfunnsproblem som råkar særleg kvinner og barn. Fylkeskommunen må støtte opp under det viktige arbeidet som blir gjort av tannklinikkar, NOK-senter, krisesenter, valdtekstmottak og andre for å førebyggje og følgje opp personar utsette for vald.

SV vil:

- Arbeide for at alle bygg og framkomstmiddel skal vere tilgjengelege og tilrettelagt for alle. Fylkeskommunen må ha oppdatert kompetanse og ta i bruk universell teknologi for menneske med nedsett funksjonsevne
- Forbetre TT-ordninga, transporttenesta for personar med nedsett funksjonsevne, slik at den kan inkludere fleire
- Arbeide for at det blir oppretta fleire praksisplassar for flyktningar i arbeidslivet
- Støtte kommunane i arbeidet med inkludering, arbeidspraksis og språktrening, så vel som frivillige initiativ som bidreg til at flyktningar blir inkludert i samfunnslivet
- Sikre god og tilrettelagt norskopplæring til ungdom som kjem til Noreg i 16-18 års alderen utan fullført grunnskule
- Arbeide målretta med å motarbeide diskriminering og rasisme i alle former. Ha planar for korleis dette gjennomførast med konkrete tiltak
- At fylkeskommunen arbeider for å auke delen tilsette med minoritetsbakgrunn og med fleirkulturell kompetanse
- Arbeide for god kjønnsbalanse, mangfald og breidde i politisk utnemnde råd og utval
- Sikre ein systematisk innsats for å bekjempe overgrep og vald i nære relasjonar
- Støtte det tverrfaglege arbeidet til politi, helsevesen, NOK-senter og krisesenter knytt til førebygging og oppfølging av personar utsette for vald og overgrep